

Språk og stil
2013-23:243-249.

Lehecka, Tomas: Interrelaterade lexikala egenskaper. Engelska adjektivimporter i en svensk tidningskorpus. (Nordica Helsingiensia 32.) Diss. 244 s. Helsingfors universitet 2012. ISBN 978-952-10-8544-4.

Denne avhandlinga er eit viktig vitenskapleg arbeid om importord, som føyer seg inn i eit omfattande forskingsområde spesielt i Norden, men òg i Europa sjenerelt. Tomas Lehecka har levert ei grammatisk orientert gransking av importord i svensk, og avhandlinga gir nye perspektiv til den etablerte forskingstradisjonen. Ho gir nye innsikter til særleg den strukturlingvistiske tilnærminga til tilpassing av importord. Sett i det grammatiske perspektivet er det originalt å bruke importord som granskingsmateriale for å avsløre allmenne strukturelle eigenskapar.

Lehecka studerer 133 adjektiv importert frå engelsk i tida 1945–1999, og han hentar det empiriske materialet frå elleve aviskorpus på i alt 110 millionar løpeord i Språkbankens elektroniska tidningskorpusar ved Göteborgs universitet. Avisene er utgitt i åra 1965–2004.

Metoden er godt beskriven både i kappa (innleiingsartikkelen) og i enkeltpublikasjonane. Det blir ein del gjentakingar om materiale og metode i enkeltpublikasjonane, men slikt blir dessverre ein »naturleg» ulempe pga. at det er tale om ei artikkelavhandling, som Tomas Lehecka forsvarte for doktorgraden ved Helsingfors universitet 7. desember 2012. Kappa på 108 sider gir god dokumentasjon av materiale og av statistiske grunnlagstal på ordformnivå. Det vitskapelege handverket er altså godt og grundig.

Form og redaksjon

Skrivestilen i kappa er prega av å vere kort, men formuleringane er svært presise. Seksjon 2.1 er ei refererande oppsummering av svært mykje forskingsstoff om importordforskning, og seksjon 2.3 av kompakt teoretisk stoff om korpuslingvistikk og ei mengd definisjonar. Det er ein prestasjon å ha fått inn så mange poeng frå så omfangsrik litteratur og å kunne presentere dei på så liten plass. Lehecka står fram som ein velorientert forskar, og presisjonen i formuleringane fortel at han har forstått det teoretiske stoffet han har sett seg inn i.

Den stikkordprega skrivestilen har òg sine ulemper, for det blir lite drøfting, og formålet med det presenterte stoffet er ikkje klårt for lesaren. Særleg når ein les den teoretiske delen i kap. 2, skulle ein gjerne fått vite i kva samanheng referata er relevante, og korfor. Det ville vere tenleg om teksten meir systematisk peikte konkret til problemstillingane fremst i kappa eller utover i avhandlinga (enten til referata under kapittel 4 eller til dei fire publikasjonane). For eksempel blir seksjon 2.3.4 knapt brukt til noko.

Avgrensingar

Lehecka har avgrensa seg til bare adjektiva i forrådet av importord. Han grunngir det med at dei er få i tal og dermed overkommelege å arbeide med. Men i artikkelen »Svenskans krav på adjektivens form» viser han òg til at importordforskninga elles har vore substantivorientert pga. at substantiv utgjer det aller meste av importordmengda. Dermed har ein ikkje fått fram dei ordklassespesifikke eigenskapane. Blant substantiva får berre 17 % av engelske importord ortografisk tilpassing i svensk tekst (Mickwitz 2008). Derimot får 78 % av førekomstane med importerte adjektiv ein skrivemåte som er tilpassa det svenske ortografiske systemet. Ettersom ein aldri har ortografisk tilpassing utan at orda òg har morfologisk tilpassing, sluttar Lehecka at den morfologiske tilpassinga er primær.

Side 49 i kappa blir det grunnlagt at *översättningsimporter* (f.eks. *vattenburen*) skal reknast med i materialet, mens *betydelseimporter* (f.eks. *hög*) ikkje skal det. Det er vanskeleg å sjå kva som skal gjere oversettingsorda relevante når det er tale om språkleg tilpassing. Slike ord er jo laga og definert ut frå at dei brukar leksikalsk og morfologisk

materiale som er i språket frå før, nettopp for at dei skal vere fullstendig tilpassa. Gjeld problemstillinga grad av tilpassing, bør desse orda per definisjon haldast utafør. Dei er nyord i språket, men ikkje importord.

Ein tredel av adjektivmaterialet er slike ord, og det er så mykje at det påverkar det statistiske bildet. Her hadde det derfor vore ønskjeleg å få presisert kva innverknad det har at Lehecka og Mickwitz ikkje avgrensar materialet likt.

Forfattaren jamfører fleire gonger med resultatata hos Åsa Mickwitz (2008), men han understrekar, særleg i fotnote 1 s. 30 i »Svenskans krav«, at han ser annleis på kategorien 'neutral' enn ho (dvs. enn MIN-prosjektet = Moderne importord i språka i Norden) fordi han reknar det som »omotiverat att implicera att *en digital sändning* inte är lika mycket anpassad till svenskans språkssystem som *digitala sändningar*«. Dette er ei misforståing, for det er ingen implikasjon om grad av tilpassing i kategorien nøytral i MIN; denne kategorien er oppretta fordi ei form som *digital* ikkje påviseleg er enten tilpassa eller ikkje-tilpassa. Kategorien kan derfor ikkje vege på vektskåla. Også av denne grunnen får tilpassinga for høge prosenttar etter kategoriseringane hos Lehecka.

Hovudpoenget i »Hur blir engelska svenska?« er at dei engelske adjektiva ikkje får gradvis tilpassing til svensk, men »kategorisk«, dvs. at dei alt i første importfasen blir enten tilpassa (77 % av adjektivleksema) eller ikkje-tilpassa, og i den forma lever dei vidare. Dette er eit anna resultat enn det som er antyda i tidlegare forskning om at importorda gradvis går over til svensk form, slik Ljung (1988) og Mickwitz (2008) har vist – men dei har då mest substantiv i sitt materiale. Lehecka meiner at dette særdraget ved adjektiva kjem av at adjektiva meir enn substantiva er spesielt avhengige av morfosyntaktiske krav.

Hovudtesen

Side 14 i kappa er det sagt at import av ord tenderer å vere »svårare för ordklasser som är morfologiskt komplexa«, og den formuleringa er referert frå Winford 2010. Korleis skal denne kompleksiteten definerast? Er det talet på bøyingskategoriar innafor ordklassen, eller er det talet på suffiks ein skal rekne på? Det er ikkje presisert.

Viss det er eitt av desse forslaga som er kriteriet for kompleksitet, kan vi teste ut den teoretiske påstanden på språka i Norden. Finsk og islandsk har størst *kompleksitet i substantiva*, finsk pga. alle kasusformene, islandsk pga. kombinasjonen av fire kasus og bøying i både bestemt og ubestemt form. Dansk har truleg enklaste substantivmorfologien. Men det er ingen statistiske konsekvensar av denne kompleksitetsforskjellen, for islandsk og finsk har forholdsvis like mange substantiv-importord som dei andre og mindre komplekse språka. Substantiv utgjer sirka 90 % av all importen i alle språka (Sandøy 2007 s. 140).

Det er neppe stor kompleksitet i verbmorfologien som kan forklare den låge importprosenten. Islandsk har svært stor kompleksitet i verba i forhold til andre nordiske språk, men den forskjellen blir ikkje gjenspegla i resultatata i MIN, for det islandske prosenttalet (3,6) ligg ikkje langt under talet for dei andre språka (Sandøy 2007 s. 140).

For å forstå kva som er *særdrag* for *adjektiv som importord*, burde ein eigentleg ha ei systematisk jamføring både 1) med andre ordklassar med tanke på den morfosyntaktiske

Stycke	Budskapstyp	Kommentarer till klassificeringen, olika meningstyper
A	Kommenterande redogörelse	Man redogör för vad som hänt i mening 2–4 i preteritum. Mening 1 är en bedömning i presens. Stycket blir redogörande.
B	Kommenterande redogörelse	Mening 5 och 7 är redogörande i preteritum. Mening 6 är en fras utan egentligt innehåll som binder ihop texten och gör den resonerande. Mening 8 är svagt kritisk med metaforen ”två barn som kivas”. Mening 6 och 8 i presens. Stycket blir redogörande.
C	Rekommendation	Stycket består av en mening på 52 ord som rekommenderar en handling med redogörelse och bedömning i början som bas för rekommendation. Rekommendationen väger tyngst.
D	Bedömning	Läget på arbetsmarknaden bedöms i mening 10–11 i presens. Rent bedömningsstycke.
E	Kommenterande redogörelse	Redogörelse för vad som hänt tas upp igen i mening 12–13 i preteritum.
F	Kritik	Mening 14 uttrycker svag kritik genom ”förvånar” och ”märkligt”. Mening 15 är ett faktapåstående i preteritum som har kritisk funktion eftersom avtalsverkets agerande är ett brott mot praxis på arbetsmarknaden. Rent kritikstycke.
G	Analys	Mening 16 är liksom mening 6 en innehållstom fras som binder ihop texten. Mening 18 är en bedömning. Mening 17, 19–20 är analyser som lokaliserar de problem som finns. Presens för alla meningar utom 20 som har perfekt. Stycket blir analyserande.
H	Rekommendation	Ledaren kommer med två rekommendationer för att lösa konflikten i mening 21–22 vilka uttrycks men verben ”måste” och ”krävs”. Adressaterna är nämnda. Rent rekommendationsstycke.
I	Rekommendation	Mening 23 är bedömning, 24–25 är rekommendationer och 26 är bedömning. Den sista bedömningen motiverar rekommendationerna som är det centrala. Stycket blir ett rekommendationsstycke.
J	Kritik	Mening 27 är kritisk ”borde ha”, 28 är redogörelse, ett faktapåstående om vad som inte skedde. Mening 29–30 uttrycker kritik. Stycket blir kritiskt.

Figur 1. Från mening till stycke i Arbetets normalledare 4.2 (Ur Hellström 2011:88).

styringa, og 2) med ordforrådet som ikkje er importord. Det har ikkje denne avhand-
linga, og derfor kan ho ikkje gi fullgode svar på dei aktuelle spørsmåla. Men denne ide-
elle jamføringa ville sjølvstendig vere for omfattande som emne for éi avhandling.

Vi kan nærme oss spørsmålet om importomfang litt annleis. Ein kunne vente at den
ordklassen som er vanlegast i språkleg praksis, også får inn flest importord. Altså: at for-
holdet mellom importordprosenten fordelt på ordklassar skal svare til fordelinga av ord-
klassane elles i språket. Til jamføring stiller eg opp ordklassefordelinga i norsk tekst
(Vestbøstad 1989) jamført med fordelinga i importorda i snitt for alle språka undersøkt
i MIN. Da får vi interessante tal:

Moderne importord etter ordklasse i %
førekomstar i redaksjonelt stoff

<i>Ordklasse</i>	<i>Snitt av %</i>	<i>Ordklassar i norsk tekst</i>
Substantiv	89,5	22,6
Adjektiv	7,2	8,2
Verb	2,8	20,8
Adverb	0,4	7,4
Interjeksjonar	0,1	0,2
Preposisjonar	0,1	14,8
Andre ordkl.		26,1
Til saman		100,1

(Sandøy 2007 s. 140)

Substantiva utgjer nær 90 % av importorda, mens dei er bare vel ein femdel av ordforrå-
det i tekstar. Det har Lehecka skrive og forklart semantisk. Men adjektiva er nettopp ein
ordklasse som har nokså lik proporsjon av importord og av ordforekomstane i tekst. Her
er det altså vanskeleg å finne støtte for at den ev. kompleksiteten skulle gi utslag i im-
portordmengda.

Vi legg merke til at verba har bare knapt 3 % av importorda, men utgjer sirka ein fem-
del av ordforrådet i tekstar. Dette skeive forholdet skrik etter ei forklaring. Vi importerer
så få verb, og i tillegg veit vi at dei blir aller oftast, ja i praksis 100 %, tilpassa morfolog-
isk. Kan vi da seie at morfologisk kompleksitet styrer dette i skandinavisk? Nei. For
verba har relativt liten kompleksitet.

Her er det muleg å lansere ei rein syntaktisk forklaring om at verba har ein overordna
funksjon i setningane, fordi heile setningskonstruksjonane er avhengige av kva verb vi
brukar. Verbet deler ut roller i setninga. Kan slikt spele inn her? I så fall er ikkje den
universelle påstanden om morfologisk kompleksitet som styrande fullgod – i alle fall
ikkje for oss i Norden.

Sjølve problemstillinga i artikkelen »Svenskans krav» inviterer til eit par motføretil-
lingar:

a) Forfattern ser for seg at det er ei sjølvstendig strukturell »kraft» som pålegg ad-
jektiva å bli meir tilpassa enn ord frå andre ordklassar, og grunngevinga er at adjektiva
så ofte står i ein posisjon der dei må vise i forma at dei er syntaktisk avhengige pga.
kongruenskravet. Derfor er det òg ein forskjell på attributiv posisjon og predikativ, og

resultata viser svært godt det som Lehecka påstår: at bruken er friare i predikativ pga. mindre kongruenskrav. Det er opplagt at ei slik morfosyntaktisk avhengigheit er større for adjektiv enn for substantiv, som viser syntaktisk innordning bare etter demonstrativ (som krev bestemt form av substantivet i svensk og norsk: jf. *det huset*). Men verb viser også lita morfosyntaktisk avhengigheit (bare partisipp og infinitiv er avhengige), og verba blir morfologisk heilt tilpassa.

b) Viss det er ei slik strukturell kraft som gir tilpassingsvilkåra, skulle ein tru at islandsk – som har sterkare kongruenskrav enn skandinavisk – skulle få enda sterkare morfologisk tilpassing av adjektiva. Men det underlege er at islandsk i så stor grad viker av frå kongruenskravet nettopp i importerte adjektiv – også i attributiv posisjon, jf. Ásta Svavarsdóttir 2008.

Viss det ikkje er strukturkrav som avgjer tilpassinga heilt ut, står vi tilbake med særpråklege vilkår (eller betre: kulturspesifikke) for ulike grammatiske tendensar. Her kan språkpolitikk og kulturell underdanigheit spele ei rolle – altså det språksosiologiske i tillegg til det strukturlingvistiske. Det kjem ikkje Lehecka inn på.

Frekvente mønster

I »Probabilistisk syntaktisk analys av engelska adjektiv i svensk tidningstext» ser Lehecka nærare på forholdet mellom forma på adjektivet og den syntaktiske funksjonen det har. Her gjennomfører han »klusteranalysar», som skal vise ev. tendensar til samsvær mellom form og funksjon. For eksempel er det i »kluster» med nøytrumsform ein stor variasjon frå leksem til leksem på om adjektivet helst står adverbialt eller attributivt. *Digitalt* står aller oftast adverbialt, mens *krispigt* oftast er brukt attributivt. Dette er ein kreativ og ny innfallsvinkel til importordstudet. Her er ein del resultat som vi i utgangspunktet ikkje har tenkt på. Pluralformer er f.eks. mykje oftare attributt enn nøytrumsformer er det. Talespråklege adjektiv (f.eks. *cool*) står oftast i predikativ posisjon. Og ikkje minst viktig i denne samanhengen er det at morfologisk ikkje-tilpassa adjektiv (f.eks. *crazy*) opptre som faste subjektpredikativ.

»Kollokationer och kolligationer» er ei vidareføring av same innfallsvinkelen, men her kjem det semantiske sterkare inn ved at kollokasjonane viser bindinga mellom leksem, mens kolligasjonane viser til syntaktiske mønster. Det går fram at det er stor variasjon i mønstra frå importord til importord.

På sidene 37 og 47 i kappa blir den sjenerelle relevansen av det probabilistiske perspektivet utbrodert, og det blir tolka inn i ein kognitiv-grammatisk teori. Denne bakgrunnen gjer dei probabilistiske funna til teoretisk relevante data, som fortel om korleis dei semantiske og grammatiske eigenskapane åt enkeltord blir lært og lagra hos enkeltindividet med utgangspunkt i dei språklege erfaringane individet har. Det vil seie at mønster ein høyrer rundt seg svært ofte, blir lagra godt, eller set tydelege spor i hjernesellene. Dette utgjer den grammatiske kunnskapen som språkbrukarane utnyttar når han/ho sjølv produserer språk.

Men kjem ikkje det kreative i mennesket på denne måten for mykje i bakgrunnen? Det kunne nemnast at i ein heilskapleg modell er ikkje frekvens einaste forklarande faktoren for korleis vi utviklar ein språkleg kompetanse. Held vi oss til lagringsmetaforen,

kan ein vel òg tenke seg at styrken i dei nevrologiske eller kognitive prosessane er avhengig av andre faktorar enn den reine språklege konteksten. Er det f.eks. foreldra våre som produserer det språklege innputtet, kan det inntrykket bli betre lagra enn det som fremmende, ikkje-relevante personar ytrar. Det kjente identitetsbegrepet er nok relevant også for språklæringa, slik at låg frekvens kan bli overstyrt av sosialpsykologiske mekanismar.

Avslutning

Som det har gått fram, er det nokre påståtte årsaksrelasjonar og årsakssamanhengar som kan diskuteras vidare. Det kan òg reisast nokre innvendingar til analysane, men dei fleste er nok udiskutable. Avhandlinga viser at forskaren har gjort eigne kreative grep ved å bruke metodar frå korpuslingvistikken og knyte seg teoretisk til variantar av kognitiv grammatikk.

Framstillingsforma og disposisjonen er svært klår, og språkdrakta er mønstergyldig. Dette er eit vitenskapleg arbeid som peikar framover for språkvetarar som ser importorda som ei interessang kjelde til kunnskap om det levande språket.

Referansar

- Ásta Svavarsdóttir, 2008: »Staffið er mega kúl.» Om tilpasning af moderne importord i islandsk skriftsprog. I: H. Omdal & H. Sandøy (red.), Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks nordiske språksamfunn. Oslo: Novus. S. 21–48.
- Ljung, Magnus, 1988: Skinheads, hackers & lama ankor. Engelskan i 80-talets svenska. Stockholm: Trevi.
- Mickwitz, Åsa, 2008: Vad händer med e-mail i svenskan? Om anpassning av importord i svenskan. I: H. Omdal & H. Sandøy (red.), Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks nordiske språksamfunn. Oslo: Novus forlag. S. 124–161.
- Sandøy, Helge, 2007: Avispråket i Norden – ei jamføring. I: B. Selback & H. Sandøy (red.), Fire dagar i nordiske aviser. Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn. S. 127–155.
- Vestbøstad, Per, 1989: Nynorsk frekvensordbok. Bergen: Alma Mater.
- Winford, Donald, 2010: Contact and borrowing. I: R. Hickey (red.), The Handbook of language contact. Malden, MA: Wiley-Blackwell. S. 170–187.

Helge Sandøy